


HYRDINGEN

NR. 5

November 2020

ÅRGANG 62

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Våre ynskje om ei fin adventstid og eit godt nytt år

Biskopen si julehelsing	2	Gullkonfirmantar	6	Frå kyrkjeboka	12
Den norske kyrkja slettar «tilhøyrige»	2	Trusopplæringsprisen	6	Støtteannonser	13
Redaksjonspennen	3	Jula - bakgrunn og gjennombrøt	7	Gudstenester	14
Ein julesalme eg er glad i	3	Konfirmantar 2020	8	Møte og arrangement	15
Ein nestor har gått frå borde	4	Gullkonfirmantar	10	Egil Svartdahl kjem til Ølen!	16
Det uvanlege året	5	Møte og arrangement	12	Den julekvelden gløymer eg aldri	16



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
VIPPS nr 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega Design AS

SOKNEPRESTANE:

Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Vikar: Prostiprest Einar Andreassen
Mobil 971 08 788
e-post: ea256@kirken.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkjekontor
Kyrkjevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no
Kontortid tysdag-fredag 9-15

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Gunnar Listog
Ølen og Bjoa: Signe Britt Vik
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Biskopen si julehelsing

Anne Lise Ådnøy, Bishop i Stavanger

Foto: Marie von Krogh / Stavanger bispedømme



Juleandakt 2020

«Eit barn er fødd i Betlehem», tenk over kva staden og situasjonen betyr for evangeliet om Jesus. Astrid Lindgren har skrive ei vakker barnebok der Harald Wiberg har måla Jesu fødsel inn i svensk vinterlandskap.

Sauene og kyrne i stallen er med på å gje varme til den heilage familien.

På liknande måte har kunstnarar opp gjennom tidene fargelagt bibel-forteljinga ut frå si tid og sitt miljø.

Kva betyr det for trua vår på Jesus at vi bur i Rogaland? Korleis blir vår oppleving av Jesus farga av at vi har levd i eit år med pandemi? Ser vi tydelegare enn før at vi treng Guds hjelp?

Det at Gud vart menneske betyr at trua på Guds son må bli farga av dei

vi er, til ei kvar tid. I misjonsarbeid vert dette kalla kontekstualisering.

Konteksten påverkar førestillingane våre, også det vi trur på. Gud tar sjansen på å komma oss så nær at vi blir ein del av forteljinga. Vi blir «Guds barn» gjennom ord og sakrament. Når forteljinga om Jesu fødsel rører og skaper tru kan vi møte dagane og utfordringane vi står i meir tillitsfullt, med større mot. Neste gong du syng om Betlehem kan du sjå for deg den nyfødde Frelsaren akkurat der du bur, saman med deg og folka dine. Gledelig jul, midt i alt!

«Vi har lært å kjenna den kjærleiken Gud har til oss, og vi har trudd på den.» (1. Joh 4,16).

Den norske kyrkja slettar «tilhøyrige»

Utdrag av informasjon frå
Kyrkjerådet / D.n.kyrkja

Kyrkjelova § 3 nr. 2 pålegg i dag Den norske kyrkja å registrere udøpte born av medlemmer som «tilhøyrige». 1. januar 2021 erstattar ny trossamfunnslov (lov 24. april nr. 31 om tros- og livssynssamfunn) kirkeloven. Dagens lovregulerte tilhøyrig-ordning opphøyrer, og dei tilhøyrige i medlemsregisterets skal slettast.

I dag er 104.000 born under 15 år og 14.000 unge mellom 15 og 18 år registrert som «tilhøyrige».

10. november fekk foreldre/føresette til born under 15 år eit brev i digital postkasse med informasjon om at borna vert sletta frå medlemsregisteret frå og med 1. januar 2021.

I brevet vert foreldre/føresette inviterte til å oppgje om dei ønskjer å få tilsendt informasjon og tilbod om trusopplæring frå Den norske kyrkja. Dette vert knytt til den føresette som står oppført i medlemsregisteret. Kyrkjelydar kan då ta ut oppdaterte lister over kven som ønskjer å få informasjon. Det er viktig å understreke at dette ikkje er eit nytt «tilhøyreregister». Interesse for informasjon vert registrert på oppføringa til ein føresett

som er medlem. Løyvet til å sende informasjon kan når som helst slettast igjen av den føresette.

Tilhøyrige i aldersgruppa 15-18 år blir også sletta fra medlemsregisteret. Desse er myndige til sjølv å melde seg inn og ut av trussamfunn. Dei vil få informasjon om at dei ikkje lenger vil stå oppført som tilhøyrige, men er velkomne til dåp for å bli medlem i Den norske kyrkja.

Kirkerådet viser til eigne nettsider med informasjon om medlemskap, dåp, tilhøyreordninga, personvern og den nye lova om trus- og livssynssamfunn. Her står også innhaldet i nemnde brev.

kirken.no/brev

Målgruppe: Alle som har spørsmål eller ønskjer meir informasjon om breva og utsendinga, tilhøyreordninga, ny lov om trus- og livssynssamfunn, personvern. Her er informasjon om ei svarteneste for spørsmål om endringane

www.kirken.no/informasjon

Målgruppe:

Brevmottakar foreldre/føresette til born under 15 år med meir informasjon og lenke til registrering.

www.kirken.no/ung

Målgruppe: Brevmottakar mellom 15-18 år med meir informasjon til aldersgruppa 15-18 om dåp og andre kyrkjelege tilbod.

Redaksjons-PENNEN



Av Steinar Skartland


Dette kyrkjeåret går mot si avslutning. Førre oss står adventstida og julefeiringa. Advent er ei forkorting av det latinske: Adventus Christi, som tyder: Kristi komme. Deretter skal vi feira jul. På side 7 kan du lesa nettopp om jula, bakgrunn og gjennombrøt, slik Harald Eintveit set ord på det.

Desember skulle vore ei tid med store julekonsertar og på julaften skulle folk koma mann av huse til kyrkja. Korona restriksjonane set grenser for kor mykje vi kan møtast og kor store flokkane kan vera. I år må vi nok i større grad enn før nytta fjernsynet og kanskje internett for å få med oss konsertar. Men som gudstenestelista side 14 viser: Det vert lagt opp til at folk skal få møtast i kyrkjene også i år, med koron tiltaka som vi nå er vane med, omtala bak i bladet.

På juleafta og julemiddagane kan vi ikkje vera så mange samla som vi er vane med. Då oppfordrar eg kvar og ein til å tenkja gjennom korleis vi kan klara å fordela oss i fleire heimar og likevel inkludera alle slik at ingen treng sitja åleine. Bruk gjerne telefonen eller internett til å ha god kontakt med dei du ikkje kan ha med deg til fellesskap hos deg. Vi er heldige som har mogelegheit til å kommunisera og sjå kvarandre på fleire måtar.

Me ynskjer dykk alle ei velsigna advent- og julehøgtid og eit godt nytt år med god helse.

150 år sidan M. B. Landstads salmebok



Magnus Brostrup Landstad
(f. 7.okt. 1802 - d. 8.okt. 1880)

Ein julesalme eg er glad i

Av Harald Eintveit

Då redaksjonen i Hyrdingen utfordra meg til å skriva om ein kjær julesalme, var valet enkelt. Anten måtte det verta «No koma Guds englar med helsing i sky» av Blix eller «Fra fjord og fjære» av Landstad. Ettersom det i år er 150 år sidan M.B. Landstads Kirkesalmebok, som den fyrste offisielle norske salmeboka, kom ut, fall det naturleg å landa på sistnemnde salme.

I alle mine presteår har «Fra fjord og fjære» stått på salmesetelen for høgtidsgudstenesta juledag, vanlegvis som hovudsalme. Når songen fulltonande bærer frå benkene i ei fullsett kyrkje, opplevest det sanneleg meiningsfylt.

Landstad skreiv denne salmen i Fredrikshald (Halden) i samband med utgjevinga av "Jule-salmer" (1856), som var det andre prøveheftet frå salmearbeidet hans. Han var glad i jula, noko han hadde gjeve uttrykk for i sitt «Jule-kvæde», publisert i Morgenbladet 25.12.1852, der det står: «Julen

er den kjæreste Stund jeg veed blant Aarets de triste og tunge.»

Landstad syner i salmeteksten det me i teologien kallar kontekstualisering. Det inneber her at han set julebodskapen inn i ein samanheng med typisk norsk vinterlandskap. Han nemner vidare «kirketårne i fryds basuners stød» med bakgrunn i musikken frå messingblåsarane frå bykyrkjetårna; han nemner «gård og grend», kanskje med minne frå oppvekst- og presteår i Telemark; han nemner «armods hytter» som uttrykk for fattige kår i hus og heim og han avsluttar med eit kosmologisk perspektiv om «Guds himler fulle av stjerner dog å se».

Gjennom heile salmen oppheld me oss i Noreg, samtidig som me er i Judea, i Davids stad, Betlehem. Der det lydde eit «Ære vere Gud i det høgste» den gong, lyder det same i gudstene sta her, i dag. Tonen og bodskapen over Betlehemsmarkene er ung og aktuell. Og når alt er slutt, held me jul i Guds rike!

1 Fra fjord og fjære,
fra fjell og dype dal
et «Ære være!»
i dag gjenlyde skal.
Fra kirketårne
i fryds basuner stød
for Guds enbårne
som er i dag oss født.
Vi var forlorne,*
nu er vi frelst av nød!

4 I krybben smiler
gudsbarnets nådeskin
mot hver som iler
med hyrder til ham inn.
Ved krybben nede –
hvor blir vel sjelen full
av bønn å bede,
av myrra og av gull!
Der er det glede,
Gud er oss hjertens huld.****

2 Til kirken samle
seg fra hver gård og grend
de unge, gamle,
av kvinner og av menn!
Vi ønsker eder
så glad en julefest,
Guds rikes gleder,
Guds fred i Jesus best!
Hos hver som greder,**
vår Herre selv vær gjest!

5 Ha takk, som treder
til armods hytter ned!
Ha takk, som gleder
oss med din søte fred!
Kom inn, o Kriste,
tenn lys i hvermanns gård!
La isen briste,
gi varme snart og vår,
la ingen miste
hva godt din fødsel spår!

3 Guds store under:
Vi har hans engler hyst!****
Krist hos oss blunder,
Guds fred på jord er lyst!
Ja, la kun høres
Guds barns Halleluja,
la strengen røres
for Krist i Davids stad!
Nu skal vi føres
med ham til himlen glad!

6 Her ute kulde
er nu – og dypen sne,
Guds himler fulle
av stjerner dog å se.
For oss opptennes
en deilig nådens sol,
Guds åsyn vendes
til oss fra himlens stol.
Når allting endes,
vi der skal holde jul!

* fortapte ** gråter *** huset **** vennligsinnet



Foto: Harald Eintveit

Ein nestor har gått frå borde

Av Harald Eintveit

Ein grå, sur føremiddag tidleg i november er eg Hyrdingens utsende på besøk hjå Olav Eikeland i Vikedalsdalen. Veret samsvarar ikkje med velkomsten. Varmt og venleg vert eg beden inn i den lune stova på garden.

Olav Eikeland må vurderast som nestor i kyrkjelaugget ettersom han har vore kyrkjetenar og klokkar i Imsland og Vikedal i mange, mange år. Ikkje mindre enn fire sokneprestar har samarbeidd med han.

Oppvekst og unge år

Han vart fødd på Eikeland 29. sept.1943 av foreldra Andreas Eikeland og Marta f. Nybru og vaks opp i lag med to søsken.

Han fortel at faren døydd då Olav berre var 10 år gammal, så mora måtte i stor grad ta ansvaret for hus, heim og gardsdrift. Dette vart ein krevjande periode både for han og dei to yngre søskena, men ikkje minst for mora.

Vinteren 1960-61 gjekk Olav på Solborg folkehøgskule. Det var eit meningsfylt år, seier han. Ikkje lenge etterpå overtok han formelt farsgar-

den. Han gjekk Tveit jordbruksskule, Nedstrand, 1967-68, og dermed låg det naturleg til rettes for liv og yrke heime. Garden fekk ei viss oppgradering ettersom han dyrka ein del og utførte nødvendig vedlikehald av bygningane.

Bonde og politiskar

Det gjekk for det meste i mjølkeproduksjon, men sauehaldet var også ein viktig del av drifta. Olav uttrykkjer at det var gode fjellbeite; særskilt i områda kring Hauganutane der sauene gjekk om somrane.

Når eg spør han om han har trivst med bondeyrket, seier han muntert at han ikkje har vore inne på tanken om å slutta med gardsdrifta. Men alt har si tid, slik også i landbruket. No er garden overlata i brorsonens hender!

Olav har, som dei fleste veit, vore med i politisk arbeid i Vindafjord kommune i ei årrekke. Med unntak av ein fireårs-periode, har han som Senterparti-representant site i kommunestyret frå 1984 til 2019, heile 31 år. Dette er rett og slett eit imponerende tidsspenn i teneste for det lokale samfunnslivet!

Med bakgrunn i spørsmålet mitt om

det er bestemte saker han har ivra for, poengterer han at når ein er fødd og oppvaksen på landsbygda og driv med gard, så er det jo eit viktig vilkår for busetnad, aktivitet og trivsel, at ein politisk arbeider med saker og målsetjingar som fremjar kåra og legg til høva godt til rettes på dette området.

Olav Eikeland har i tillegg site i Oppvekst og omsorgsutvalet (OPOM) i 2 periodar og seinare i Rådet for eldre og funksjonshemma i 3 periodar. Mange viktige saker har vorte hand-sama her.

Soknerådsmedlem

Olav Eikeland har alltid hatt syn for kyrkja og dens ærend. Tidleg fekk han viktige verv i Vikedals-kyrkja. I 1993 vart han valt inn som medlem i soknerådet og fekk til saman 10 års «fartstid» der, med fleire år som formann. Ei nyttig og inspirerende tid, seier han.

Ved måten han snakkar om kyrkjas verdi og oppgåve, samt gjennom mi samarbeidserfaring, får eg inntrykk av at han er solid forankra i den kristne tradisjonen, men samtidig er open for nye impulsar. Det siste merka eg vel-

dig godt i samband med innføringa av den nye gudstenesteliturgien i 2011.

Kyrkjetenar og klokkar

Det er sjølvsagt frå kyrkja underteikna kjenner Olav best. Han vart tilsett som kyrkjetenar i Imsland og Vikedal 2002 og avslutta i 2020. 18 års teneste i denne viktige funksjonen har medført at han har kome tett inn på bygdefolket i både sorg og glede.

Dei praktiske oppgåvene med å sikra høveleg romtemperatur, ringja til gudsteneste, hengja opp salmenummer, gjera altaret klart og elles alt anna, har eg prøvd å skjotta etter beste evne, seier han. Så vart det vanskeleg å få tak i friviljuge til å ta seg av klokartenesta. Dermed sa eg meg viljug, sidan eg var i kyrkja likevel, til å ta den i tillegg,- med tekstlesing, kunngjeringar og ikkje minst å stå parat for presten. Fire sokneprestar har eg samarbeidd med: Skiftun, Hjelvik, deg og Hunde. Dessutan har eg vorte kjend med mange vikarprestar, uttrykkjer han.

Olav slår eit slag for det friviljuge arbeidet i kyrkja. Dette er viktig, ikkje minst med omsyn til kyrkja sitt liv og si framtid, hevdar han.

Som sokneprest emeritus minnest eg, Olav, korleis du alltid oppmuntra oss til god gjennomføring av gudstenestene når du stod i trappa mot tårnet på veg til å ringja inn medan prosessjonen stod klar i våpenhuset. Fyrst forsikra du deg om at alt var greitt, før du alltid ynskte oss: «LOKKA TE!» Det slo aldri feil! Dessutan hadde du frå kunngjerings plass den gode vanen å gje takk og verdsetjande ord til prest, organist og dei som eventuelt elles hadde teke del i messa. Takk, attende!

Konfirmantleirane i Åkrafjorden

Utan vidare tek Olav til å nemna leirane våre på Eintveit, som han uttrykkjer var heilt spesielle. Det er ikkje snakk om noko anna, hevdar han. Han meiner alle såg fram til den dagen når dei skulle reisa inn dit. Særskilt har han tenkt på dette i ettertid.

Sidan du kjem inn på dette, Olav, vil eg også ta med den velviljen og hjelpsemda du kom meg i møte med i samband med konfirmantleirane på Eintveit. Instruksen din forplikta deg ikkje til oppdrag der inne! Du var aktivt med på sundagen så å seia alle dei ti gongene me hadde leir i Åkrafjorden. I lag med medhjelparar frå sokna her gjorde du ein svært god jobb

både før og under gudstenestene på Eintveit-låven. Så tok du triveleg del i det sosiale fellesskapet,- både i stova ved ankomst og seinare under kyrkje-kaffien, der så mange var samla. Takk skal du ha! Den tida og desse stundene utgjer vakre roser i minnebuketten for mange av oss!

Lokalkyrkja i dag og seinare

Ber du på bestemte ynskje for kyrkja lokalt, Olav?

Eg har jo vore med lenge, har liksom kjent pulsen i kyrkjelyden og opplevd både oppgang og nedgang. Det har vore gode og meningsfylte år sjølv om eg har kome nær sambygdingane mine gjennom vekslande situasjonar i kyrkja. Det er eit stort spenn frå sorg til glede!

Det eg fyrst og fremst kjenner på, er at det er god plass for fleire i kyrkja under gudstenesta. Dette kan kvar og ein av oss gjera noko med. Så vidt eg kjenner til, har det ikkje vore noko nemneverdig stort problem å få folk til å stilla i soknerådet eller til å ta på seg andre verv, men eit større frammøte til gudstenestene hadde gjort den allmenne opplevinga i kyrkerommet mykje meir triveleg og glederik. Akkurat no set jo smittesituasjonen ein dempar på kyrkjesøkna, men likevel ligg det her ei utfordring for oss.

Kva skal ein gjera for å stimulera kyrkjesøkna?

Det spørsmålet har eg stilt meg sjølv og ikkje har eg noka patentløyning. Likevel vil eg nemna det eg var inne på for litt sidan: friviljuge oppgåver. Me har t.d. hatt fleire friluftsgudstenester: På Motorbanen, ved Låkafoffen og sist, men ikkje minst på Kålhaugen. Ved desse gudstenestene har langt fleire enn den vanlege mannskapen hatt ansvaret. Folk, ikkje berre frå soknerådet, men sambygdingar utanom, har hatt særskilde, praktiske oppgåver ut frå sin kjennskap til tilhøva på staden. Me har vorte sveiste i hop på ein veldig fin måte. Slike gode opplevingar som mange får del i, kan vera med å anspora lysta eller underbyggja engasjementet til å vera med seinare.

Hyrding-utsendingen hevdar med ettertrykk at me har kome godt ifrå dette intervjuet. Begge humrar og ler medan klokke-nestoren så vidt greier å over-døya latteren med replikken: «Eg får seia som ei gammal kone her i bygda: Me får skryta sjølve, for dei andre li-tar me ikkje på!» Ha-ha-ha-ha-ha-ha!!! No duftar kaffien!



Ølen konfirmanter: Økland Foto.

Det uvanlege året

Av Steinar Skartland

Det var i år Bjoa kyrkje var 125 år, og fekk si store oppussing. Jubileumskonserter 6. november vart dessverre avlyst pga. den uavklarte smittesituasjon i kommunen, og etter tilråding frå kommuneoverlegen. Soknerådet for Ølen og Bjoa håpar å kunne invitera til jubileumskonsert i 2021.

Konfirmantane på Bjoa fekk likevel ei spesiell markering av konfirmasjonen i ei kyrkje under fornying. Det er også eit minne å ha med seg vidare der ein sporty sokneprest og fotografen nytta høvet til eit konfirmasjonsbilete utanom det vanlege, som assisterande bygningsfolk.

Dei fleste vil nok hugsa denne konfirmasjonen i år, der Korona restriksjonar førte til utsetjing til hausten. Stor avstand mellom folk og dei gjestene som fekk koma, og ikkje minst – gudstenester og fest der talet på gjester måtte reduserast og kvoterast. Kyrkjebenker vart stengde for at folk skulle ha minst 1 meter avstand, dersom dei ikkje var i same husstand. Men det vart eit minne det òg, som dei fleste tok sporty og med godt humør. Så lærte vi også at det som skjer i kyrkja kan vi også få med oss via internett. Fleire kyrkjer i landet valde å rigga kamera i kyrkja så familiane som ikkje fekk rom i kyrkjebygget kunne følgja seremoniane frå si eiga stove. Slik har også prestane dette året nådd mange med bibeltekstar, talar og salmesong.

For konfirmantane er det viktigaste at dei fekk markera denne høgtidsdagen saman. Så kan dei mimra om denne tida når dei ein dag i 2070 møtest som jubilarar. Lukke til vidare i livet.



Bjoa konfirmanter i stilas: Foto: Lyla Granberg

Gullkonfirmantar • 50 år



Sandeid. Fra venstre: Anne Gerd Berg Kjolen, Inger Sofie Meling, Sølvi Matre Søvik, Lars Olav Larsen, Solfrid Beate Årak, Torgeir Øverland, Anne Marie Oftedal, Solfrid Fotland Valheim, Asbjørn Nærland, Audun Stople, Kirsten Tysse, Tor Helge Vårvik, Gro Fatland og Aud Wenche Klungland.

Foto: Tsegayesus H. Hunde



Imslund. Fra venstre: Kjell Hustveit, Ingrid Eide, Tone Kvammen, Emil Haugland, Arne Svandal, Marta Matre og Vidar Wåga.



Vikedal. Fra venstre: Lars Mo, Ragnhild Frøyland, Marit Vårvik, Britt Ingunn Lærdal, Torhild Flydal og Arvid Blikra.

Trusopplæringsprisen

Av Steinar Skartland

Aktive i sokneråd og trusopplæringsarbeid i Vindafjord var samla til ein inspirasjonskveld på Kyrkjetunet 17. september, leia av kateket Britt Karstensen. Felles Utval for Trusopplæringsprisen stod bak. Britt kunne presentere ei stor breidd i aktivitetar i bygdene: Baby-song, kveldssong, skattejakt, gardsbesøk, konfirmantsamlingar, søndags-

skular og ikkje minst aktivt speidararbeid fleire stader.

Så var det nettopp ein representant for speidarane som vart i sentrum i slutten av kvelden då den varsla trusopplæringsprisen skulle delast ut av leiar i FUT, Berit Listog. -Det er nå 3. gong prisen vart delt ut, og det er nok mange som kunne fortene den og skulle hatt den. Den som får den i år får stå som ein representant, og så får

dåke ta det som ein inspirasjon til vidare innsats, sa Berit.

Prisen gjekk til Gerd Sørhus frå Vats for tenesta hennar i speidararbeidet som ho har vore med i sidan 1992.

-I år køyrde ho bil med hengar med utstyr på til Blåsjø, og det var første gong ho køyrde hengar, så det synes eg var imponerende, fortalde Berit. Gerd har vore med på 6 krinsleiarar og 6 landsleiarar, og gjort mest alt på speidaren. Både vore med på møter og leiar. Prisen er ein innramma plakat som fortel om prisen 2020, blomrar og ein figur frå «Will of Change» som fortel

Jula - bakgrunn og gjennombrot

Av Harald Eintveit, sokneprest em.

Det er midt i julestria og stundar mot høgtid i by og bygd. Me opplever ein hektisk og nesten kaotisk førjulsetappe. Så å seia alt tykkjest stå på ende. Alle vert me også, mot- eller medviljug, meir eller mindre førde med av dragsuget.

«Festina lente» seier eit gammalt latinsk ordtak. «Hast med måte!» Ei nyttig påminning!

FRÅ EPIFANIA TIL JUL

I dei fyrste hundreåra etter Kristus feira ikkje dei kristne Frelsarens fødselsdag, men ein martyrs eller eit fromt menneskes dødsdag. For på denne dagen vart dette menneske fødd til evig sæle. Men etterkvart som den kristne kyrkja voks fram i romarriket på 300-talet, vart skikkane endra. Kyrkjefedrane innsåg også trongen for og betydninga av faste høgtids- og festdagar som kunne samla folket om kyrkja si sak og markera denne, og på den måten få bort interessa for dei gamle heidenske festdagane.

Den såkalla epifaniafesten (epifania, gresk, - openberring) gav støtet til den kristne julefeiringa. Denne festen, opphavleg til markering av solvendinga, var ein gamal egyptisk tradisjon som i byrjinga av 300-talet vart overteken av gnostikarane. Desse ville på epifaniadagen feira minnet om Jesu dåp. Seinare vart dagen allment godkjend som feiringsdag i den kristne kyrkja.

Epifaniafesten tok til 6. jan. og varde ei veke. Etterkvart vart den meir og meir assosiert med Jesu fødsel avdi



Harald Eintveit. Foto: S. Skartland

granskarane av skriftene hadde kome fram til at Jesu dåp skulle ha skjedd på 30-årsdagen hans.

Det vert hevda at Roma-bispen Liberius stod som stiftar av 25. des. til minnedag for Jesu fødsel og i året 354 tok den kristne jula til i Roma. Dermed kvarv innhaldet av epifaniafesten meir og meir.

I samband med den store festreduksjonen i 1770 vart epifaniadagen og -festen teken bort, men dagen dukka opp i ny variant på fyrste søndag etter 6. jan., med namn av «Heilage-trekongars-dag» og seinare «Kristi openberringsdag», søndag før 6. jan.

KVIFOR 25. DESEMBER?

I evangelia finst det sparsamt med historiske haldepunkt for å slå fast Jesu fødsel til 25. desember. Mange teologar meiner rett nok å ha funne fleire prov, men hovudgrunnen til avgjerda om den 25. var nok at det reint kyrkje-politisk var føremålstenleg. 25. desember var nemleg frå gammalt av ein stor festdag i romarriket: Solvendingdagen, dagen for den sigrande sol, ein folkeleg og storslagen festdag

som også drog mange kristne med seg. Dessutan var det fødselsdagen til den persiske ljosguden Mithras. Ved å leggja Jesu fødsel til den 25. desember ville ein primært imøtekoma trongen for og ynsket om kristenoppsedande festdagar. Den sigrande sols dag vart frå no av til Frelsarens fødselsdag som let Kristus vera den nye sol som lyste for alle menneske. Det folket som sat i mørkret, skulle no sjå eit stort ljøs. Over dei som budde i skuggelandet, skulle ljuset stråla (Jes. 9,2). Han var ljuset i verda. Den som fylgde han, skulle ikkje lenger ferdast i mørkret, men ha livsens ljøs (Johs. 8,12).

MEMENTO MIRACULUM!

«Hast med måte!» Ikkje fyrst og fremst for å dempa og døyva all glans og glitter, all pomp og prakt, all stemning og søt poesi, alle bugnande bord og brett, men for å få oss til å lytta til kyrkjas og Guds eige alltid nye julekommunikè: I dag er det fødd dykk ein Frelsar i Davids by, Han er Kristus, Herren (Luk.2,11).

Memento miraculum! Hugs underet! Gud kom nær oss. Det er det store underet i våre travle og trivielle liv! Lat oss bøya oss i tilbeding og undring over denne «begriplege ubegripbare» manifestasjonen og seia med Blix:

Sæle stunder,
store under,
store under og løyndoms skatt!
Møyi vart moder,
Gud vart vår broder,
Gud vart vår broder i jolenatt.
(NoS, 58,4).

om tru (ei dame som står med eit lys), og det er eit godt bilete på Gerd som har stått på og gjer det ennå, i speidaren.

Gerd er frå Blikrabygda og jobbar i barnehagen i Vats, der ho har budd «heile livet». Det var ikkje speidar då ho var lita, og ho tok til i speidararbeidet for 28 år sidan. Først med dei yngste i nokre år, før ho hoppa over på dei store. Nå har ho dei eldste som kallast vandrarar og er frå 6. til 10. klasse. I Vats er det 70 med i speidaren. Dei store nyttar kjellaren på bedehuset i Øvre Vats. Dei små har sitt eige hus i

Blikrabygda. -Rekrutteringa til leiarar er god, fortel Gerd. -Ein del unge er aktive med her. Vi gratulerer med prisen.

Økonomi.

Det er nok dei som ikkje har så god råd, men målet er at flest mogeleg skal kunna ta del i fritidsaktivitetane. -Det går an å søkja om fritak for kontingenten for dei som har dårleg økonomi, fortel Britt Karstensen. Ikkje alle er klar over det, men det viktige er å få alle med.

Prisvinnar Gerd Sørhus
Foto: S. Skartland



Ølen



Framme frå venstre: Rafael Daniel Pacurar, Siren Vårvik Matre, Marielle Eikesdal, Tuva Roa, Henny Karin Rullestad, Live Therese Osaland, Sina Dalaker Miljeteig, Viljar Skålnes Solheim. Bak frå venster: Sokneprest Kari Vik Stuhau, Jonathan Hundseid, Dan Dereje Gebremichael, Tage Aarekol, Lars Ivesdal, Sebastian Hardeland Berge, Oskar Nerheim, Anders Løhaugen, Isak Heddeland, Ariel Iddeland.

Vats



Bak frå venstre: Andreas Espeset Littlehamar, Arne Frantsen, Sverre German Ihle, John Vegard Tveit Halsnes. Framme frå venstre: Frida Eike, Sofie Landa, Henriette Sørhus.

Vikedal



Framme f.v.: Bjørnar Våg Skjold, Magni Kristine Eikeland, Marie Furuly Krokedal, Vera Gjerde, Liv Cecilie Imsland, Kristine Hustveit Nybru, Julie Haaland Ananiassen, Vebjørn Eikje Blikra, Bak f.v.: Soknepresten, Idar Golf, Olve Birkeland, Sondre Bakkedal Espevoll, Morten Reimers og Anders Sævereid Espevoll.

Skjold



Bak frå venstre: Jonathan Johansson Eide, Endre Hjelm Fjeldheim, Jonas Berentsen, Anders Skjold, Mats Rugtveit Bjørnevik, Snorre Søvdal, Erik Svendsen, Sindre Gullhaug Dagsland, Mathias Nesheim Bakke, Kristoffer Fosen Grunnaleite, Stener Isak Mangrud. Midten frå venstre: Johanne Selsvik Stendal, Linnea Tjelmeland Hustoft, Ragnhild Haugen, Sigrid Amundsen, Helene Haugen, Maren Haugen, Ida Øygard (Vats), Agnes Byrkja Dagsland, Lena Skjølingstad. Framme frå venstre: Tuva Hustoft, Iben Elida Skjold Kvigne, Kristine Velde, Ida Lundal, Elina Gullhaug Dagsland, Vilde Krakk, Laila Bauge.

Imsland



Framme f.v.: Elena Langeland, Ingeborg Birkeland, Jenni Kathrin Hansen, Sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde Bak f.v.: Elida Birkeland, Mats Marvik og Elise Rønnevik.

Vikebygd



Frå v.: Sindre Mathias Johannessen, Jarle Skartland, Askev Winterhus Julsrud, Johannes Bakkevik, Jonas Sjo Bjerga, Mona Berentsen Trovåg, sokneprest Kristian Kyllingstad.

Sandeid



Framme f.v.: Oliwia Cieslar, Helena Eilerstsen, Maren Heggebø Bak f.v.: Soknepresten, Torbjørn Hjelmteit, Oliver Byggstøl Ørke, Andreas Matre Helgevold og Jone Håheim

Bjoa



Framme frå venstre: Sokneprest Kari Vik Stuhau, Aleksandra Kosciowska, Mari Edona Tveit, Hanna Håvarstein Lothe. Bak frå venstre: Jonas Skålnes Sandsgård, Gina Gjerde, Viljar Skålnes Solheim.

KONFIRMANTAR 2020

Gullkonfirmantar

Jubilantar for konfirmasjonen i 1970

Av Steinar Skartland

At det er 50 år sidan konfirmasjonen er verkeleg noko å markera for dei det gjeld. Nokre bur ennå i bygda eller er der ofte og møter venene frå skuletida og ungdommen, andre har flytta lengre vekk. Å treffast igjen set mange pris på, sjølv om det ikkje er alle som det passar for den dagen. Nokre av kulla saknar også sine, som

har gått bort. Det var i den lokale kyrkja konfirmasjonen fann stad. Då er det naturleg at det går ut ein invitasjon til å møtast til ei gudsteneste her. Prest eller ein annan frå kyrkjelyden presenterer jublantane, som vert ropa fram i koret. Kanskje er det ein av dei som er god til å fortelja noko frå konfirmasjonstida, korleis det var å bli konfirmert for 50 år sidan.

Jubilantgruppene vel ofte å halda fram markeringa med å samlast til eit måltid og eit program dei sjølv organiserer. Minna frå ungdomstida får dei dela med kvarandre, og kanskje også finna ut at: Dette må me gjera igjen. Kanskje når det er tid for 60 års jubileum?

I dette nummeret av Hyrdingen presenterer vi nokre av jublantgruppene dette året.



